



Giske marina v/Jarle Johansen

Saksbehandler	Vedtaksdato	Arkivsaknr
Øyvind Drabløs	08.11.2021	20/1002 - 73

## Krav om retting av matrikkelen - moloanlegg på gnr 127 bnr 23

### Vedlegg:

Vedlegg 1 - Krav om retting - Brev frå adv. Martin Dyb av 12.09.21

Vedlegg 2 - Brev frå kommunen av 29.09.21

Vedlegg 3 - Tidlegare motteke krav om matrikulering av umatrikulert grunn.

Vedlegg 4 - Melding om rett til klage

### Saksutgreiing:

Kommunen har i tidlegare sak motteke- og behandla krav om *matrikulering av umatrikulert grunn*. Kravet gjaldt moloanlegg avhenda frå kystverket til Giske Marina. Kommunen har avvist kravet i vedtak av 08.01.21 då ein ikkje kan sjå at det er sansynleggjort at det her er tale om eigedomsrett. Vedtaket vart påklaga. Kommunen har i vedtak av 13.01.21 ikkje funne å imøtekome klagen. Statsforvaltaren har i vedtak av 02.06.21 stadfesta kommunens vedtak.

I møte med Giske Marina den 26.08.21 vart både krav om matrikulering, reglar for retting av matrikelopplysningar samt bakgrunn- og oppbygging av matrikkelen (objektregisteret/kartdelen) gjennomgått. Adv. Martin Dyb deltok i møtet saman med Giske Marina.

Advokat Martin Dyb har i brev av 12.09.21 bedt om at tidlegare kravsmål om matrikulering vert handsama som krav om *retting* etter mtrl. § 26 3.ledd andre punktum, eventuelt at kommunen av eige tiltak gjennomfører rettinga etter § 26 4.ledd siste setning – Sjå vedlegg 1.

Kommunen har i brev av 29.09.21 rådd til at ein søker saka meldt inn for jordskifteretten – Sjå vedlegg 2.

Jarle Johansen på vegne av Giske Marina har i seinare møte med kommunen holdt fast på at saka skal handsamast som krav om retting. Ein finn difor å handsame saka etter matrikellova § 26 med utgangspunkt i brev frå adv. Martin Dyb av 12.09.21 (vedl. 1).

Tidlegare motteke krav om matrikulering av umatrikulert grunn – som no vert å handsame som krav om retting – går fram av vedlegg 3.

### Vurdering:



Kommunen har i vedtak av 08.01.21 avvist kravet om matrikulering av umatrikulert grunn. Følgjeleg gjeld ikkje rettingskravet ein *eksisterande* grunneigedom som er oppretta i grunnboka. Ein har difor korkje registrert matrikelnummer eller grensebeskrivelse å ta utgangspunkt i. Retting etter mtrl. § 26 3.ledd andre punktum gjeld retting av reine feilregistreringar/ feil i overføring av opplysningar frå td målebrev, jordskiftesaker, utskiftingskart, økonomisk kartverk og liknande. Det er berre *openbare* feil som kan rettast etter denne regelen. All den tid eigedomen ikkje eksisterar – korkje i grunnboka eller i matrikelkartet (objektregisteret), kan ikkje kommunen sjå at det er grunnlag for/kvalifiserer til retting etter denne regelen. I dette ligg at Giske Marina gjennom krav om retting ikkje kan oppnå *matrikulering* av umatrikulert grunn som avvist i vedtak av 08.01.21.

Grunnen moloanlegget ligg på er i matrikelkartet registrert som del av gnr.127 bnr.23. Kommunen kan heller ikkje sjå at det er openbart at slik registrering er feil. Under punkt 1 (*Salgsobjektet*) i kjøpekontrakt signert 17.12.2019, er det opplyst at: «*Kystverket har ikke hjemmel til grunnen og kystverkets rettigheter på eiendommen er sikret gjennom grunneiererklæringer. Moloen, og dens landfeste, ligger i dag på gnr.127 bnr.23 (tidligere matrikelnr. 118 løpenr. 308) i kommune 1532 Giske.*» (min understreking). Kommunen har heller ikkje motteke merknader frå Kystverket i samband med salet eller tidlegare om at eksisterande registrering i matrikelkartet skulle vere feilaktig. Kommunen kan difor ikkje sjå at det er grunnlag for retting frå gnr.127 bnr.23 til fiktivt løpenummer 0/0-eiegd.

På slik grunnlag finn ein ikkje å kunne imøtekome rettingskravet og fattar slik

### **Vedtak:**

Giske kommune kan ikkje sjå at det er dokumentert feil i matrikelregistreringa som gir grunnlag for retting etter matrikellova § 26 3.ledd andre punktum og avviser derfor rettingskravet. Kommunen finn heller ikkje grunnlag for å foreta retting etter § 26 4.ledd siste setning.

Vedtaket kan påklagast. Melding om rett til klage leggast ved til den som har klageadgang etter lova.

Med helsing

Øyvind Drabløs

nestleiar

Tlf.: 70 18 80 25

e-post: [Oyvind.Drablos@giske.kommune.no](mailto:Oyvind.Drablos@giske.kommune.no)